

Hansine f.1870, som vart gift med Jørgen Solvoll f.1859.

Johannes f.1872, som først vart gift med Olga, seinare med Selma.  
Var i Seattle, U.S.A.

Jørgen Banc f.1874. Døv skomakar, busett i Trondheim. Vart gift med Berntine frå Lånke.

Kristine f.1876, gift med Elias Bøen. Budde i Seattle.

## 11.

Barbro Zahl Johannesdotter f.1835 d.1923.

Var dotter til Johannes Olsen Meisfjord og Aleth Jakobsdotter frå Tveråbakken. Då Barbro var 16 år gamal døde mora i tuberkulose, og kort tid etter vart faren gift med Abel Mortensdotter frå Bjørsvika.

Johannes Olsen skal i alt ha hatt 22 barn, men ein finn at berre 10 av dei vaks opp.

Barbro vart først forlova med Peder Kristian Pedersen frå Holmvikja, men han og fleire av familien drukna under eit forlis på fisketur.

Barbro fortalde at stedmora som ho fekk var ei snill og flink husmor, som ikkje gjorde forskjell på sine barn og stedbarna.

## 12.

Ole Knutsen Båtstø f.1839 d.1927.

Var fødd på Voss av foreldre Knut Olsen f.1806 og Karen Johnsdotter f.1807. Dei kom til Leirfjord truleg i 1840, og kjøpte 1/4 av garden Båtstø.

Han vart gift med Maren Nilsdotter frå Leinesodden f.1843. Dei tok då over garden, og kombinasjonen gardsbruk - fiske vart då levevegen for dei som for nesten alle andre i bygda.

Dei fekk desse barna:

Nils f.1869 d.1948. Sjø nr.6.

Jørgine f.1871.

Ho vart gift med Ole Aspås. Dei hadde ingen barn, men fostra opp mange.

Oline f.1875.

Ho vart gift med Konrad Lilleholt. 6 barn.

Ole f.1883.

Reiste til Amerika, og tok skolegang så han vart tilsett i bank, men dreiv og alsidig forretning med olje og landbruksmaskiner. Han hadde og ein god farm som han leigde ut.

Terese f.ca 1880.

Reiste til Amerika. Seattle.

Knut f.1872.

Reiste til Amerika. Døde ugift.